



Utval: Eldrerådet
Møtestad: Møterom 2. etasje, Fitjar rådhus
Dato: 28.08.2017
Tid: 10:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arvid Ole Refvik	Leiar	
Eva Pernille Tufteland	Nestleiar	
Grete Marit Veka Maraas	Medlem	SP
Trude Miland Helland	Medlem	

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Torunn Johansen	Medlem	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Wenche Tislevoll	Ordførar
Marianne Ytrearne	Sekretær

Arvid Ole Refvik
Leiar

Marianne Ytrearne
sekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 18/17	Godkjenning av protokoll	
PS 19/17	Eldredagen - 2017	
PS 20/17	Folkebiblioteka og eldres digitale deltaking	
PS 21/17	Ymse	

PS 18/17 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet godkjenner protokoll frå møtet 03.04.2017.

Behandling i Eldrerådet - 28.08.2017:

Eldrerådet gjekk igjennom sakene frå protokollen:

PS 11/17 Middag for eldre på Fitjar fjordhotell

Nestleiar Eva Pernille Tufteland fortel at i sommar har ikkje tilbodet vore tilgjengeleg. Servitør som jobba der, hadde ikkje kjennskap til tilbodet. Dette kan ha samheng med ferieavvikling. Eva Pernille Tufteland skal ta kontakt med hotelleiing og undersøkje om tilbodet framleis er tilgjengeleg og om det er mulig å få prisen lavere. Tilbodet skal annonserast i avisa Sunnhordland og Fitjarposten igjen.

PS 12/17 Bruk av heis i Fitjar kultur- og idrettsbygg

Representanten Grete Marit Veka Maraas har vore i kontakt med leiging ved Seniorsenteret, Pensjonistlaget og Råd for funksjonshemma.

Ein prøver å få dei vere med på å søkje om midlar til oppgradering av heisen. Representanten Grete Marit Veka Maraas held kontakten med dei og leiar for Frivilligsentralen, Ellinor A. Bergesen, vil koordinera og følge.

Leiar for Kultur- og Idrettsbygget har fått laga prisoverslag på oppgradering av heisen.

PS 13/17 Tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad

Innspelet frå eldrerådet er lagt inn i høyringa. Fitjar kommune har i vår hatt ein prosess på utarbeiding av lokal forskrift. Denne blei vedteken i Kommunestyret PS 29/17, 21.06.17 og er gjeldande frå 01.07.17.

Trude Miland Helland (medlem) informerte om moglegheitene for at ektefeller kan bu i lag på Fitjar bu- og behandlingssenter. Det er ein del praktiske utfordringer med hensyn til rom og bemanning, men dei prøver å tilrettelegge for dei pasientene som vil bu samen.

PS 14/17 «Trivselstiltak» for eldre på sjukeheim m.m.

Det blei oppretta ei arbeidsgruppen bestående av Ellinor A. Bergesen frå Frivilligsentralen, Eva Pernille Tufteland og Torunn Johansen frå Fitjar eldreråd. Hovudformålet med møtet var å finna gode tilbod til aktivitetar for eldre i Fitjar.

Referat etter møte 02.05.17 ved Frivilligsentralen sitt kontor vart delt ut i møtet.

Det er behov for ein frivilligkoordinator som skal koordinere aktivitetar samen med frivillige, på grunn av at det har vore vanskelig å få til eit godt opplegg på sjukeheimen.

Ellinor A. Bergesen frå Frivilligsentralen, opplyste om at elevar ved Rimbareid skule hadde valfag «Innsats for andre» som var interessert i aktivitetar for dei eldre.

Representanten Grete Marit Veka Marass seier at seniorsenteret blir brukt for lite og leinga bør oppmodast til tiltak for dei eldre.

Kopi av protokoll blir gitt til helse- og omsorgsjef Anne Økland, eldrerådet oppmodar til at det blir oppnemnd ein frivilligkoordinator.

PS 16/17

Leiar Arvid Refvik tar saka opp med rådmann Atle Tornes

Vedtak/tilråding:

Som framlegg.

PS 19/17 Eldredagen - 2017

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet fastsetjer dato for Eldredagen 2017 og planlegger program.

Behandling i Eldrerådet - 28.08.2017:

Eldredagen blir arrangert den 4. oktober kl. 15.00, fordi det passa best for Fitjar vidaregåande skule. Leiar Arvid Refvik har snakka med Arild Sondre Sekse som dessverre ikkje kunne stilla som talar på eldredagen. Leiar tar kontakt med Halvard Wiik og spør om han vil holde tale på eldredagen. Hvis ikkje Halvard Wiik kan, skal leiar ta kontakt med Olav Oma og Magnar Kloster om ein av dei kan stilla.

Representanten Grete Marit Veka Maraas har snakka med rektor på kulturskulen, Håvard Kroka. Han skulle snakka med elevene sine, men måtte fyrst få fastsatt dato for eldredagen.

Grunna kollisjon med kommunestyremøte kl. 15.00, vil ordførar Wenche Tislevoll prøva å få kommunestyret utsatt til kl. 17.00.

Leiar Arvid Refvik lager til programmet til neste møte.

Vedtak: (Samrøystes):

Som framlegg frå eldrerådet.

PS 20/17 Folkebiblioteka og eldres digitale deltaking

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Behandling i Eldrerådet - 28.08.2017:

Eldrerådet har motteke brev frå Statens seniorråd angående veileiingstilbod om digitale tenester og at dette skulle foregå på folkebiblioteket. For å få i gang eit slikt tilbod på Fitjar folkebibliotek, må dei få tilført ressursar.

Eldrerådet vil besøka dei forskjellige laga for eldre i Fitjar, f.eks. Pensjonistlaget, Vaffeltreffet og forhøyra seg om kva dei er interessert angående digital deltaking.

Vedtak/tilråding:

Eva Pernille Tufteland og Grete Marit Veka Maraas besøker pensjonistlaga i Fitjar og undersøker kva dei eldre treng hjelp til innanfor informasjonsteknologi og kva tankar dei har vedkomande veileiing.

PS 21/17 Ymse**Framlegg til vedtak/tilråding:****Behandling i Eldrerådet - 28.08.2017:**

Eldrerådssamlinga blei arrangert på Bømlo 14.06.17.

Arvid Refvik (leiar) Eva Pernille Tufteland (nestleiar) og Torunn Johansen (medlem) representerte Fitjar eldreråd på Eldrerådssamlinga. Eldreråda samlast på Bømlo rådhus, fekk snitter og kvart eldreråd presenterte seg. Deretter fekk dei gå på omvisning i Wichmann-smia. Eldreråda samlast til lunsj med underholding av musikkskulen og avslutning på Bømlo hotell.

Nestleiar Eva Pernille Tufteland ynskja at eldrerådet får saker dei skal behandle så tidlig som mulig. Sekretær skal ha kontakt med leiarar og samla inn saker som eldrerådet bør behandla.

Ordførar Wenche Tislevoll informerte om førehandsrøystinga.

Vedtak/tilråding: